

# Leigekontrakt

mellom

**grunneigarane på Kvennset**

og

**Todalen Idrettslag**

## 1. Leigetakar


Todalen Idrettslag, org nr: 970 81 093.

## 2. Utleigar

Utleigar er eigarane av gnr. 137 bnr. 1, 2, 3 og 4 i Surnadal kommune.

## 3. Leigeområde

**3.1** Todalen idrettslag får leige det området som er fastsett ved utskiftinga 24. mai 1954 som blir kalla idrettsplassen.



Utleid areal er markert med gult.

**3.2** Eigaren av bnr. 3 har rett til adkomst til eigedomen sin nord for idrettsplassen.

## **4 Partenes plikter og ansvar**

**4.1** Partane er enige om at denne avtalen ikkje er eit festeforhold og omfattast derfor ikkje av tomtfestelova. Leigetakar har såleis ikkje på nokon måte muligheit til å løyse inn denne avtalen.

**4.2** Blir avtalen på nokon måte misslegheldt, fell avtalen bort.

### **4.3** Todalen idrettslag har ikkje lov å:

- framleige området.
- Sette opp bygninar eller foreta endringer av anlegget uten grunneigarane sitt samtykke.
- Overføre avtalen til nokon andre.
- Benytte anlegget til annet enn idrett.

### **4.4** Todalen idrettslag plikter å:

- halde naudsynt gjerde. Det kan ikkje krevjast erstatning for skade av husdyr som kjem inn på plassen.
- Sjå til at det blir minst mulig trapp på jorda kring plassen og at det ikkje blir parkert på dyrkajord eller forsøpla i forbindelse med arrangemang/besøk ved idrettsplassen.
- Halde anlegg og hus godt vedlikeholdt.

**4.5** Grunneiere har rett til å grave ned vassledninger, elektriske ledninger og lignende over området, uten å betale vederlag til Todalen idrettslag.

## **5 Leigetid**

Leigeforholdet løper til ein av partene seier opp avtalen. Oppsigelsesfristen er 2 år.

Avtalen trer ikraft ved signering av denne avtalen.

Dersom Todalen idrettslag ikkje brukar plassen 3 år på rad, fell avtalen bort.

## **6 Leige**

Leiga blir sett til kr 10.000,- pr år.

Leiga skal betalast innan 1. april kvart år.

Leiga skal fylgje konsumprisindeksen og skal regulerast kvart 5. år.

Leigetakar skal betala alt av driftskostnader, slik som renovasjon, strøm, etc.

## **7 Eige område til fleirbruksbinge**

Det er skreve ein eigen avtale om fleirbruksbinge.

## **8 Tinglysning**

Denne avtalen kan tinglysast. Todalen idrettslag tek i så høve kostnaden med dette.

Dersom det er nødvendig i forbindelse med tinglysinga, er det Todalen idrettslag sitt ansvar å søkje om konsesjon samt oppfylle oppmålings og matrikuleringsplikta iht. Matrikellova.

## 9 Signatur

Dato/ sted: .....

**For Todalen Idrettslag**

.....

.....

.....

**For grunneigarane**

.....

Olaug Kvendset

.....

Asgeir Longva

.....

Ingrid M Rangnes Talgø

.....

Ola G Kvendset

.....

Åse Redalen

(Avtalen er skrive i fem eksemplar, eit til kvar av partane)